

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fister

Emne: Bålbrenning visse dager om året

Bygdelag: Flelandshygda

Oppskr. av: Nils H. Staurland

Gard: Staurland

(adresse): Kessa i Ryfylke

G.nr. 9 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dette spørjebrevet veit eg lite å svare på, men skal gjera mitt beste.

Namn. sp. 1. Bål

sp. 2. Eit bål som vert tenkt jonsoktefta kallar me i regelen jonsokete, men eg har også høyrte det nemnt jonsokbål.

sp. 3. Nei, me seier eit „stort“ eller „lite“ bål.

Tida sp. 4. Eg har aldri høyrte snakk om bålbrenning i julehelga her.

sp. 5. Heller ikkje „julelog“ har eg høyrte snakk om her.

sp. 6, 7. Har aldri høyrte snakk om at dei brende bål i påskhelga

sp. 8. Det var skikke å brenna jonsokete eller jonsokbål jonsoktefta - ikkje jonsoktevdin. Men ikkje Syftesoktevdin, heller ikkje Pinse-tefta. Olsok har dei brent bål - helst i nyare tid

sp. 9, 10, 11, 12 og 13. Nokar bålbrenning for krøtera har eg aldri høyrte snakk om her.

Her har heller aldri vore nemnande stølsdrift her i bygda - eller heradet.

2.
Staden. sp. 14. Nokon viss bålstad har me ikkje høvt her i bygda. Heller ikkje har jonsokbåla vorte brent årvisst.

Det fyrte jonsokbålet eg som barn var med og brende - for ca. 65 år sidan - vart brent på Staurlandsåsen. Men seinare har det vore brent på Langerabbt eller Kyrkjekleiv.

sp. 15. Her i Heltlandsbygda har me ikkje brent olsokbål, men på Fister brende dei olsokbål årvisst nokre år. Nokon viss stad for bålbreininga hadde dei heller ikkje det.

sp. 16. Nei, det var sjeldan meir enn eit jonsokbål her i krinsen - stundom tvo. Det var heller ikkje stødt på same garden dei brende. Ofte var folk - serleg barn - samla frå fleire gardar.

sp. 17. „Bå - eld“ kjemmer me ikkje til her.

Dei som steller med bålet og tenner det. sp. 18.

Av og til har ungdommen brent jonsokbål, men for det meste har det vore borna og kanskje nokre av foreldra til borna som har vore til stades

sp. 19. Eg trur kven som helst fekk vera med.

sp. 20. Ja, no er det dels borna som brenner bål.

sp. 21. Nei, ungdomslaget brende aldri bål her.

sp. 22. Veit ikkje av at sagbruka har halde bålfest for arbeidsfolka. Elles hadde me ikkje fabrikk eller sagbruk med nemnande arbeidsfolk her i Fister i eldre tid - og snøut nok i nyare tid.

Korleis dei bygde bålet. sp. 23 og 24.

Noko sers oppbyggjing av bålet eller veten har eg aldri høyrst snakke om. Det vanlege var å sanke saman avfallsved til bålet.

sp. 25. Figurarar i menneskestapnad har me ikkje brent.

3.

Korleis dei fekk bålvyrke. sp. 26, 27, 28, 29 og 30.
Bålvyrket var mest alltid avfallsved etter
skoghogst som dei hadde sankt saman
og lagt til rettes på førehand. Eg har ogso
hoyrt snakk om at sume stader brende
dei gamle båtar eller verdlaus material
frå gamle nedrivne hus, men det vanlige
har alltid vore avfallsved. Noko „steling“
eller „brannskatt“ har eg aldri høyrst snakk om.

Korleis bålet skulle vera. sp. 31, 32 og 33.
jonsokvæla som me brende her, skulde
vera so store som råd var, laga fort
opp i full storleik med ein gong og had
halde seg ved lag i full storleik lengst
muleg tid.

Sp. 34 og 35. Det var ikkje om å gjera å laga
mykje røyk og gneistesprut.

Uva bålet skulde tena til. sp. 36, 37, 38 og 39.
Uva bålet skulde tena til har eg aldri
hoyrt noko om - anna enn slikt eg har
lese om frå andre kantar av landet.
Heller ikkje har eg høyrst snakk om at dei
tok varsel av flammen eller røyken.

Sjølve festen ved bålet.

sp. 40. Nei, me kalla det berre: å brenna jonsokvæla

sp. 41. Eg trur ikkje dei gamle „feste“ i det heile teke.

sp. 42. Når bålet var medbrent gjekk dei kvar sin veg.

sp. 43. Det har vore vanleg å ha litt mat med
seg og so koka kaffi i nærleiken av bålet.

sp. 44. Der dei brende jonsokvæla var sjelden
høveleg stad for dans. Var det ungdommen som
brende veten, dansa dei kanskje annan stad
etter at bålet var medbrent. Men her har
det helst vore born og foreldre og ingen dans.

sp. 45 og 46. Det kan godt henda at borna har drive på med å springa gjennom ~~rest~~ røyken og hoppa over glohøgen etter at bålet var medbrent, men nokor meining med dette hadde dei ikkje - berre moro.

sp. 47. Kjenner ikkje til at dei tok kol frå bålet for å gjøyma.

Skikken idag.

sp. 49. Eg har aldri høyrte eller lese noko heilt palitande om kva jonsokbålet skulde tena til - anne enn det eg høyrde av ein ung gut den gongen eg var med og brende jonsokbål på Staurlandsåsen for ca 65 år sidan. Han sa at bålet var til minne om Johan Flus, som me veit vart brend på bål i Konstanz 6^{te} juli 1415. Men om dette er rett, veit eg ikkje.

sp. 50.

Som før nemnt var eg med og brende jonsokvete som barn for ca 65 år sidan, og eg trur nok her hadde vore brent slike bål lenge før - kor lenge før, veit eg ikkje. So lenge eg kan minnast har her vorte brent jonsokbål her i bygda, men ikkje årvisst og ikkje stødt på same staden. Ogso i år vart her brent jonsokbål på Kyrkjekleiv av ein flokk born og nokre yngre koner - mødre til borna. Men bålbreninga har vel heller minke enn auka i det siste.

sp. 51. Grunnen til minkinga er vel helst den at denne tida har so rikesleg med anna moro og "underholdning" å by på - t.d. musikk og barnetime i radio, film og rymist anna.